

SULDAL KOMMUNE

**EIGARSKAPSSTRATEGI OG
EIGARSKAPSMELDING 2020-2024**

**Vedtatt av kommunestyret
23.02.2021 sak 06/21**

Innleiing

Det kan vere både politiske og finansielle grunnar for og skilje ut drift i eige selskap, eller vere medeigar i eit selskap. Motivasjonen for å danne eit selskap kan vere mange som for eksempel

- å effektivisere tenesteproduksjonen
- for å lettare utføre oppgåver på tvers av kommunegrenser
- yte felles press for utvikling av regionen.
- verksemd i konkurranse med andre og konflikt med konkurranse- og statsstøtteregelverket


Det å flytte makt i frå kommunestyret til styra i dei einskilde selskapa gir mindre demokratisk kontroll. Kommunestyret må styre indirekte gjennom eigarorganet og styringsdokument. For at den styringa skal bli så god som mogleg, så det er behov for ein god eigarskapsstrategi.

Kontroll og tilsynsansvar

Kommunen har eit kontroll- og tilsynsansvar ovanfor eigarinteressene i selskap. I kommunelova § 23-2 er det teke inn reglar om selskapskontroll i kommunelova som gjeve kontrollutvalet ei sjølvstendig rolle i høve eigarane og selskapsleiinga.

Selskapsformer

Grad av sjølvstendighet heng saman med type eigarform. Jo lengre til høgre på aksene, jo mindre styring har ein på selskapet. Dei mest aktuelle selskapsforma er IKS (interkommunalt selskap) og AS (aksjeselskap). Energi, egedomsdrift, tilrettelagt arbeidsplass og næringsutvikling er døme på oppgåver som blir organisert i AS. Dei vanlegaste verksemda som blir organisert i IKS er lovpålagte oppgåver som vatn, avlaup og renovasjon, revisjon og brannvern. KF (kommunalt føretak), SA (samvirkeføretak) og stiftelse blir mindre brukt.



Selskapsform	Eigarorgan	Styringsdokument	Lov
KF	Kommunestyret	Vedtekter	Kommunelova
IKS	Representantskap	Selskapsavtalen, eigaravtalen, styreinstruks / eigarstrategi	IKS-lova
AS	Generalforsamling	Vedtekter, aksjonæravtalen, styreinstruks / eigarstrategi	Aksjelova
Stiftelse	Ingen	Stiftelsesdokument Vedtekter	Stiftelseslova

Ei stifting har ikkje eit eigarorgan, men blir styrt i sin heilhet av stiftelsesdokumentet og vedtektene.

Generalforsamlinga og representantskapet vel styret og godkjenner årsrekneskap og årsrapport. I tillegg skal representantskapet godkjenne økonomiplanen til IKSet. Det er ikkje ein tilsvarende paragraf i aksjelova.

Eigardel AS

- 91% Ein kan tvangsutløyse dei andre aksjonæra
- 67% Endring av vedtekter krev 2/3 av stemmane.
- 51% Utbetaling av utbytte, godkjenning av årsrekneskap og val av styremedlemmer krev meir enn 50% av stemmane.
- 34% Negativ kontroll. Ein kan blant anna stoppe vedtektendringar.

I eit IKS er det selskapsavtalen som avgjer.

Styreverv

Styreverv er eit personlig verv. Styrerepresentanten representerer selskapet (ikkje parti eller kommune). Styret skal ivareta selskapet på best mogleg måte, ut i frå selskapet sitt føremål og innanfor lova sine rammer. Oppgåvene til styret:

- Forvaltning av verksemda
- Sørge for forsvarleg organisering.
- Helde seg orientert om den økonomiske stillinga til verksemda.
- Føre tilsyn med leiinga og verksemda.

(Kjelde: Styring og eierskap i kommunalt eide selskap, V. Rasch Kundsén 2007)

Det er krav om 40% kvinner i styret, jfr IKS-lova. Det gjeld og i AS kor kommunane og fylkeskommunane eig meir enn 2/3 av verksemda.

Honorar til styret skal kome frem i årsrekneskap og/eller i årsmeldinga.

Styreverv bør ein registrere på www.styrevervregisteret.no.

Eigarskapsstrategi

Suldal kommune forvalte betydelege verdiar gjennom sine ulike selskap. For å forvalte desse verdiane på ein best mogleg måte, så har kommunen utarbeida ein overordna strategi for selskapa.

Suldal kommune skal

1. Grunngi eigarskap og val av selskapsform

Det er eigar sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, behov for eigarstyring, marknadstilhøva, samfunnsansvar, omsyn til innsyn og konkurranseregelverket. Skal selskapet ta risiko og operera i ein marknad, så bør eit selskap med avgrensa ansvar vera mest aktuelt. Skal selskapet yta tenester til eigarane i eigenregi kan både interkommunale selskap og kommunale føretak vera tenlege former. Stiftingar er ikkje tilrådd for verksemd som krev eigarstyring

2. Fremme sine eigarinteresser gjennom eigarorgana og styringsdokument (ikkje igjennom styret)

Suldal kommune sin representant i generalforsamling/representantskap skal avklare kommunen sine ønsker før møtet. Representanten skal ta kontakt med politisk sekretariat/kommunedirektør og ordførar når innkallinga kommer. Dei valde representantane skal generelt ivareta kommunen sine interesser gjennom ei aktiv deltaking i selskapet sine eigarorgan. I interkommunale selskap

skal ein og ta omsyn til regionale interesser som har vesentleg betydning for selskapet sin funksjon. Representanten har ansvar for at dokumenta blir arkivert i kommunen sitt arkivsystem.

Kommunestyret oppnemner representant til representantskapet i IKS og til generalforsamling i AS.

Det skal vere faste eigarmøter med selskap som har stor strategisk betydning og med selskap kor me har vesentlege eigarinteresser. Både den politiske og administrative leiinga i kommunen skal vere med på eigarmøte. Kommunen skal jobbe for at desse selskapa har ein eigarstrategi. Dersom selskapet har fleire eigarar, så vil det vere naturleg å lage eigarstrategi saman med dei andre eigarane. Det er også ønske om førebuande generalforsamling i selskap som me eige 100%.

3. Arbeide for at samfunnsansvar, miljøansvar og etiske retningslinjer blir ivaretatt

Suldal kommune vil arbeida for at etiske prinsipp, miljøansvar og samfunnsansvarleg forretningsdrift vert forankra i føremål og lagt til grunn for verksemda i selskap som kommunen eig eller er deleigar i. Etiske retningslinjer skal utarbeidast i det einskilde selskap.

4. Praktisere mest mogleg openheit.

Suldal kommune skal vere open om sine eigarskap og si eigarstyring. Suldal kommune skal krevje at selskapa som kommunen har interesse i skal praktisere openheit så langt det er mogleg innanfor regelverket. Suldal kommune skal informere om sine eigarskap. Alle referat og dokument som eigar får skal vere opne, så fremt det ikkje er taushetsbelagte opplysningar.

5. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde

Suldal kommune tek sikte på å organisera ei systematisk opplæring av folkevalde knytt til eigarstyring, rolleforståing, styringslinjer og ansvarsfordeling. Dette vil skje som del av den generelle opplæringa av folkevalde som bør skje innan det første året av valperioden. Det kan i tillegg knytast som tema til kommunestyret si årlege handsaming av eigarmeldinga og kontrollutvalet si melding om selskapskontroll.

6. Arbeide for at styret sin kompetanse er tilpassa verksemda sitt føremål og eigar sine forventingar.

Styret skal ha kompetansen som er naudsynt for å følgja opp eigar sine forventningar. Styret skal spegla og representera selskapet sine behov og bør ha ulik og supplerande kompetanse innan økonomi, organisasjon og om marknaden som selskapet opererer i. Vidare bør styret ha fagleg innsikt og ha ei interesse for selskapet sitt føremål. Dersom naudsynt kompetanse ikkje er til stades i utgangspunktet, vil likevel ansvaret og forventningane til selskapet stå ved lag, og det bør om naudsynt verta gjeve tilbod om opplæring.

Suldal kommune vil som hovudregel gå inn for ei ordning med numerisk vald vara til styret for å sikra kontinuitet og kompetanse. Det vert rådd til at 1. varamedlem vert invitert til styremøta for på den måten å sikra best mogleg kompetanse og kontinuitet

Suldal kommune ønsker å jobbe for å få på plass valnemnd i selskap med fleire eigarar. Det vil vere naturleg at kommunen er representert i valnemnda dersom me har store eigarinteresser.

7. Kjønnsrepresentasjon i styra.

Suldal kommune vil uavhengig av selskapsform arbeida for minimum 40% av begge kjønn i styra.

8. Honorere styreverv i forhold til ansvar og oppgaver. Styreverv ber ein registrere.

Honorara skal vere samanliknbare med tilsvarande verv i andre organisasjonar, men ikkje i den øvre enden. Styreleiar skal generelt ha høgare godtgjering enn styremedlem. Valte representantar skal registrere sine verv i styrevervregisteret for allment innsyn. Selskap med avgrensa ansvar bør teikne styreforsikring for alle styremedlemene for det økonomiske ansvaret.

9. Revidere eigarskapsstrategien ei gong i kvar valperiode og kvart år legge frem ei enkel eigarmelding om utvikling og status for selskapa.

10. Kommunestyret har tilsyn- og kontrollansvar for at kommunen når sine mål, at regelverk blir følgt og at ein tar omsyn til samfunnsansvar og etikk.

Kontrollutvalet i kommunen skal på vegne av kommunestyret føre kontroll med kommunen sine eigarinteresser. Kontrollen skal skje igjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningskontroll og selskapskontroll.

11. Kommunedirektøren sin støttefunksjon

Kommunedirektøren bistår dei folkevalde representantane, formannskapet og kommunestyret på følgjande måte:

- Oversyn over selskapa med tilhøyrande vedtekter, selskapsavtalar, tenesteavtalar og lovverk skal haldast løpande ajour.
- Kommunedirektøren etablerer fast kontaktrutine med administrasjonen i dei andre eigarkommunane, med vekt på selskap av stor betydning for kommunen. Dette gjerast gjennom rådmannsforum på Haugalandet og rådmannsforum i Ryfylke.
- Kommunedirektøren yter bistand til dei valde representantane og bistår ordførar i samband med førehandsavklaringar. Kommunedirektøren si samhandlingsrolle ovanfor føretak skal vurderast særskilt ved etablering av føretak.
- Kommunedirektøren møter saman med ordførar (eller ordføraren sin representant) i eigarmøter

Krav til selskapa som Suldal kommune er medeigar i

- Selskapa skal sende innkalling og referat til postmottak@suldal.kommune.no parallelt ved utsending til valde representantar.
- Selskapa er bevisst om krav og forventningar som er stilt
- Likebehandling av alle eigarar, og møteinnkalling i god tid
- Styret i selskapet utarbeider og evaluerer mål, strategi og etiske retningslinjer og tar ansvar for forvaltning av selskapa. Alle selskapa skal utarbeide etiske retningslinjer og ha som mål om å bli miljøsertifisert.
- Selskapet bør ha tariffavtale med dei tilsette.
- Selskapet sitt styre lager plan for sitt eige arbeid og kompetanseutvikling og evaluerer sin eigen verksemd.

Oversikt selskap

Aksjeselskap	Del	Verdi	Inntekt	Resultat	EK %	L	Generalforsamling
BYGGOPP Rogaland AS	0,20 %	1	12 330	729	36,5	1,57	Ordfører
Gullingen Utviklingselskap AS	10,99	23	0	-249	88,2	0,78	Ordfører
Haugaland Kraft AS	2,89		139 017	190 326	63,9	0,35	Ordfører
E134 Haukelivegen AS	2,17	10	1 499	66	94,5	18,09	Ordfører
Kommunekraft AS	0,30	1	2 000	397	85,1	6,60	Ordfører
Lysefjorden Utvikling AS	1,60	50	6 800	338	36,1	1,87	Ordfører
Norsk Bane AS	11,81	1 232	2 020	2	25,4	1,35	Ordfører
Reisemål Ryfylke AS	8,82	60	4 123	-235	54,6	2,14	Ordfører
Rygjatun Eigedom AS	100	8 100	7 358	-577	-2,0	0,94	Ordfører
Rysteg AS	22,53	250	14 089	-1 110	50,9	1,82	Ordfører
Suldal Bad Publikum AS	100,00	100	579	198	19,4	1,24	Ordfører
Suldalposten AS	34	139	6 685	86	46,5	1,29	Ordfører
Suldal Vekst AS	26,44	139	8 204	150	35,4	1,51	Ordfører
Selskap - IKS og SA	Del	Verdi	Inntekt	Resultat	EK %		Representantskap
Haugaland Brann og redning IKS	3,44		107 384	8 660	29,7	1,07	Ordfører
Haugaland Kontrollutv. IKS	3,40	0	2 081	49	70,6	3,31	Ordfører
Haugaland Vekst IKS	9,09	100	13 230	-62	68,0	3,10	Ordfører
Interkom. Arkiv i Rogaland IKS	5,94	0	13 843	346	21,8	1,26	Kommunedirektør
IVAR IKS			852 832	11 027	4,0		Ordfører
Krisesenter Vest IKS	2,29	0					Kommunedirektør
Rogaland Revisjon IKS	1,08	0	30 835	3 875	27,2	3,56	Ordfører
Ryfylke IKS	20,00	305	6 569	48	31,2	1,17	Ordfører
Biblioteksentralen SA	0,01		137 403	-5 592	92,7	5,10	
Stiftelse*			Inntekt	Resultat	EK %		Styret
Suldal Bustadstifting			2 443	372	9,2	0,29	Torbjørn Indrebø
Hiimsmoenkollektivet			47 136	1 757	51,8	1,93	Sverre Underbakke
Ryfylkemuseet			16 074	-36	56,7	2,32	Harald Bjarne Hellesen
Vinterlandbruksskolen i Ryfylke			3709	218	91,9	11,8	Per G. Øxtra
Tveit videregående skule			14683	-948	30,3	0,75	Dag Fisketjøn
Stiftelsen Preikestolen			15148	5733	28,8	4,63	Torbjørn Guggedal (vara)

Resultat = resultat før skattekostnad, Inntekt og resultat = tal i heile 1000, L= likviditetsgrad (>1 er bra), EK = eigenkapitalprosent,

*Dei stiftelsene kor Suldal kommune veljar ein eller fleire representantar til styret.

Presentasjon av kvart selskap

Her skriv me litt om det enkelte selskap

SA – Andelslag / Samvirkeføretak

Biblioteksentralen SA	
Føremål	Biblioteksentralen SA skal vere eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkta og tenester til biblioteket og liknande institusjonar. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere verksemd med det formål å betene det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarknad. Biblioteksentralen skal drives etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp, slik at det skapes økonomisk trygghet og utviklingsmuligheter og slik at andelseiernes interesser ivaretas på beste måte.
Internett	www.bibsent.no
Eigardel	0,01
Andre eigarar	Alle kommunar/fylkeskommunar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar.

AS – Aksjeselskap

BYGGOPP Rogaland AS	
Formål	Oppfølging og opplæring av lærlingar, og rekruttering til bygg- og anleggsbransjen. Bindeledd mellom skule, fylket og bedrifter. Avdelingskontor på Sand: Rytopp
Internett	www.rogaland.byggopp.no
Eigardel	0,2
Andre eigarar	Kommunar i Rogaland, fylkeskommunen,
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Me ønskjer å vere ei god lærlingbedrift kor me ønskjer å sikre stabilitet og kvalitet på arbeidet.

Gullingen Utviklingsselskap AS	
Føremål	Forvaltning av utmarksareal. Utbygging av fritidsbustader og reiselivsanlegg. Sal av varer og tenester.
Internett	www.gullingen.com
Sentrale oppgåver	Selskapet sel naturtomter. Suldal kommune byggjar ut VA-anlegg i området.
Eigardel	10,99
Andre eigarar	Grunneigarar

Motiv for eigarskap	Kommunen eig aktuelle tomter, er medlem av grunneigarlaget. Kommunen si målsetning med eigarskapet er å få ei heilskapleg utvikling av området.
---------------------	---

Haukelivegen AS	
Føremål	Arbeide for utbygging og standardheving av E134
Internett	www.134.no
Sentrale oppgåver	Nye tunnellar Røldal-Haukelifjell. Haugalandspakka. Stordalen i Etne. Bompengeprojekt.
Eigardel	2,8 %
Andre eigarar	Kommunar, fylkeskommunar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Infrastrukturutvikling.

Haugaland Kraft AS	
Føremål	«forenkle og trygge hverdagen til våre kunder basert på fremtidsrettet teknologi for infrastruktur, fornybar energi og telekommunikasjon» (forretningsidè)
Sentrale oppgåver	Nettdrift, kraftomsetning, produksjon av kraft, utbygging av breiband, drift av veglys
Dotterselskap	Haugaland Kraft Nett AS, Haugaland Kraft Fiber AS og Haugaland Kraft Energi AS (i tillegg majoritetseigar i Sunnhordland Kraftlag AS m.m.)
Internett	www.hkraft.no
Eigardel	2,89 % , forventa utbytte 5-7million
Andre eigarar	Kommunar på Haugalandet
Motiv for eigarskap	Lokalt eigarskap. Sikre oppfølging av nettet i Suldal. Sikre arbeidsplasser i Suldal (selskapet har lokalkontor på Sand) Langsiktig investering (stabil og god inntening for kommunen).
Eigarstrategi	Nei, men det er laga ein før me kom inn. Me vil ta initiativ til å få denne presentert for kommunestyret.

Lysefjorden Utvikling AS	
Føremål	Arbeide for utvikling av reiseliv i regionen med særskild fokus på Lysefjord-området
Internett	www.florli.com
Eigardel	1,6

Andre eigarar	Kommunar, fylkeskommunar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Regionsutvikling.

Kommunekraft AS	
Føremål	Formidle aksjeeigarane si disponible kraft, inkludert konsesjonskraft, og drive anne verksemd i tilknytning til dette.
Internett	www.lundogco.no/kommunekraft
Eigardel	0,3 %
Andre eigarar	Kommunar og fylkeskommunar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Kan vera til hjelp ved sal av konsesjonskraft

Norsk Bane AS	
Føremål	Utredning og prosjektering av høghastighetstog i Noreg
Internett	www.norskbane.no
Eigardel	11,81 %
Andre eigarar	>6 Vinje, Sauda, Odda, Bykle
Motiv for eigarskap	Bidra til betra samferdsleløyising gjennom høghastigheitstog mellom Vestlandet og Austlandet

Reisemål Ryfylke AS	
Føremål	Marknadsføring av reiselivsnæringa i Ryfylke
Internett	www.ryfylke.com
Avtale	Me har kjøpt teneste og konsulentarbeid for ca kr 500.000,- inkludert mva etter avtale i frå selskapet i 2019.
Eigardel	8,82 %
Andre eigarar	Kommunar i Ryfylke
Motiv for eigarskap	Utvikling av reiselivsnæringa. Marknadsføre Suldal. Regionalpolitisk posisjonering.
Eigarstrategi	Nei, kommunen bør ta initiativ mot dei andre kommunale eigarane for å få utarbeidd ein eigarstrategi

Rysteg AS	
Føremål	Gjennom ulike arbeidsretta tilbod leggje til rette for at fleire blir inkludert i arbeidslivet.
Internett	www.rysteg.no
Eigardel	22,53 %
Avtale	Me gav cirka kr 380.000,- i driftstilskot og kjøpte ulike tenester for nærare kr 600.000,- i 2019.
Andre eigarar	Sauda kommune, Eramet Norway AS, Sparebanken Vest, m.fl.
Motiv for eigarskap	Skaffe arbeid til fleire grupper som har vanskar for å komme inn på arbeidsmarknaden.
Eigarstrategi	Nei, kommunen bør ta initiativ mot dei andre eigarane for å få utarbeidd ein eigarstrategi

Rygjatun eigedom AS	
Føremål	Drifte internat for Toppvolley
Eigardel	100
Avtale	Me leiger kontor og klasserom til Introsenteret på Rygjatun. Me foreslår å gje eit årleg tilskot for å oppgradere internatet. Leige av lokale til introtenesta og barnehagen inkludert reinhald kom på cirka kr 650.000,- i 2019. I tillegg ble det overført kr 1.000.000,- til vedlikehald same år.
Motiv for eigarskap	Sikre Toppvolley på Sand. Sikre arbeidsplasser og eit godt studentmiljø
Eigarstrategi	Nei, bør vera tema på førebuande generalforsamling

Suldal Bad Publikum AS	
Føremål	Drive publikumsbadinga i Suldal Bad
Avtale	Avtale om drift av publikumsbadinga. Selskapet betalte kr 1.500.000,- i leige og fekk eit tilskot på 2.100.000,- til billegare billetter i 2020.
Internett	www.Suldal-bad.no
Eigardel	100
Motiv for eigarskap	Skilje publikumsbadinga i frå kommunal drift. Selskapet er eit non-profit-selskap. Selskapet skal sikre at det blir publikumsbading i Suldal bad til ein konkurransedyktig pris (samanlikna med andre svømmehaller i regionen).
Eigarstrategi	Ja

Suldal Vekst AS	
Føremål	Innovasjon og næringsutvikling. Leggje til rette for nyskaping og vekst i nytt og eksisterande næringsliv.
Avtale	Kjøp av teneste – næringsutvikling. I 2019 kjøpte me tenester for kr 2.615.000,- inkludert mva i frå selskapet. Det inkludere tenestekjøp, utviklingsmidlar og ca kr 200.000,- til ungt entreprenørskap.
Internett	www.suldalvekst.no
Eigardel	26,44
Andre eigarar	Private
Motiv for eigarskap	Næringsutvikling. Skape arbeidsplassar. Marknadsføre kommunen. Kommunen sin vertskapfunksjon for reiselivet.
Eigarstrategi	Nei, kommunen bør laga ein eigarstrategi

Suldalsposten AS	
Føremål	Lokalavis i Ryfylke
Avtale	Kjøp av annonseplass og abonnement. I 2019 kjøpte me annonseplass for cirka kr 600.000,- inkludert mva og abonnement til unge utflytta suldøler for cirka kr 200.000,-.
Internett	www.suldalsposten.no
Eigardel	34
Andre eigarar	Private
Motiv for eigarskap	Kontroll med driftsform / vedtekter for å sikre vidare drift. Sikre lokalt eigarskap

IKS – Interkommunale selskap

Haugaland brann og redning IKS	
Føremål	Dekke kommunane sine plikter, oppgåver og behov, jf brann- og eksplosjonsvernlova, blant anna <ul style="list-style-type: none"> • Ulykke- og katastrofesituasjonar som brann, redning, drukning og akutt forureining • Nødalarm (110) • Feiing og tilsyn • Førebyggande tiltak og beredskap
Internett	www.hbre.no
Eigardel	3,44 %
Andre eigarar	Kommunar

Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Effektivisering av tenesteproduksjon og samfunnsøkonomisk motivert. Sikre kompetanse
Eigarstrategi	Ja, felles med dei andre eigarane

Haugaland Kontrollutvalgsekretariat IKS	
Føremål	Tilby sekretariattjenester til kontrollutvala i deltakarkommunane og nærliggjande kommunar
Internett	www.kontrollutvalgene.no
Eigardel	3,4
Andre eigarar	Kommunar
Motiv for eigarskap	Sekretariatet må ligga utanfor den kommunale organisasjonen

Haugaland Vekst IKS	
Føremål	Arbeide med regional utvikling og er sekretær for regionrådet for Haugalandet
Internett	www.haugalandvekst.no
Eigardel	9,1 %
Sentral oppgåve	Utvikle samarbeidet i høve føremålet, sekretariat regionråd
Andre eigarar	Kommunar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar.

Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	
Føremål	Bidra til forsvarleg ordning og oppbevaring av eldre og avslutta arkivmateriale, ei rasjonell og effektiv arkivdanning, og bygge opp arkivkompetansen
Internett	www.Ikarogaland.no
Eigardel	5,94 %
Andre eigarar	Kommunar og interkommunale samarbeidsordningar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Det kan vere med på å betre våre eigne rutinar for arkivering.

IVAR IKS	
Føremål	Å levere drikkevatt til eigarkommunane, ta i mot og behandle avløpsvatn, samt løyse avfallshandteringa til eigarkommunane på ein best mogleg måte.
Internett	www.ivar.no
Eigardel	1,084%
Andre eigarar	Kommunar på Jæren og i Ryfylke
Motiv for eigarskap	Effektivisering av tenesteproduksjonen og regionalpolitisk posisjonering. Renovasjonstjenester
Eigarstrategi	Det føreligg ein eigarstrategi i dag

Krisesenteret Vest IKS	
Føremål	Sikre etterleving av krisesenterlova, og vere eit rådgivande organ.
Internett	www.krisesentervest.no
Eigardel	2,29
Andre eigarar	17 kommunar
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar.

Rogaland Revisjon IKS	
Føremål	Gjennomføre revisjonstenester for kommunene
Internett	www.rogaland-revisjon.no
Eigardel	1,08 %
Andre eigarar	Kommunar i Rogaland
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar.

Ryfylke IKS	
Føremål	Få til interkommunalt samarbeid på generell basis med hovudvekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt.
Internett	www.ryfylkeiks.no
Sentrale oppgåver	Strategisk regional næringsutvikling, prosjektbasert, regionråd
Eigardel	20
Andre eigarar	Strand, Sandnes, Hjelmeland og Sauda
Motiv for eigarskap	Formålet og eigarstrukturen gjer det naturleg å vere medeigar. Sikre regional utvikling.

S- Stiftelse

Suldal Bustadstifting	
Føremål	Bygging og drift av utleigebustader
Sentrale oppgaver	Drifte 36 utleigebustader i Dalane, Sand
Styret	Utnemnt av kommunestyret

Hiismoenkollektivet	
Føremål	Gi et langvarig tilbud til ungdom (elev) med blant annet rusproblemer
Sentrale oppgaver	Kollektiv på Hiismoen, mindre bufellesskap i Stavanger, behandling i egen bustad. Mangfaldig aktivitetstilbud, veletablert skule- og arbeidstreningstilbud, familiearbeid, terapi
Styret	1 frå Suldal kommune av totalt 6 styremedlemmer

Ryfylkemuseet	
Føremål	Regionalt museum for Ryfylke
Internett	www.ryfylkemuseet.no
Sentrale oppgaver	Ta vare på historia og kulturminner, tilby kunnskap og oppleving,
Styret	1 representant valt frå kvar kommune, 1 medlem val av Rogaland fylkeskommune,
Avtale	Me gir driftstøtte på cirka 1,5 millionar kr og utviklingsstøtte på cirka kr 750.000,-, inkludert vertskommunetillegg. I tillegg gir me prosjektstøtte.

Vinterlandbruksskolen i Ryfylke	
Føremål	å gje tilbud til utdanning i naturbruk til vaksne personar som pga familie og jobb vanskeleg kan reisa vekk for å ta utdanninga.
Internett	https://vlr.no/
Styret	1 representant frå kvar kommune

Tveit vidaregåande skule	
Føremål	naturbruksskole med internat
Internett	https://tveit.vgs.no/
Styret	1 representant frå kvar kommune

Vedlegg – definisjon/bakgrunn

Retningslinjer for eigarskap, leing og kontroll av selskap

Kommunenes sentralforbund – KS - har utarbeidd 21 råd om eigarskap, selskapsleiing og kontroll. Eigarskapsmeldinga er systematisert etter desse råda. Råda omhandlar følgjande tema:

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde
2. Vurdering og val av selskapsform
3. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd
4. Utarbeiding av eigarskapsmeldingar
5. Utarbeiding og revidering av styringsdokument
6. Eigarmøter
7. Eigarorganet si samansetjing og funksjon
8. Gjennomføring av generalforsamlingar og representantskapsmøter
9. Samansetjing av styret
10. Valkomit  og styreutnemningar
11. K nnsbalanse i styra
12. Prosedyrar for   sikra rett kompetanse i selskapsstyra
13. Styresamansetjing i konsernmodell
14. Oppnemning av vararepresentantar
15. Gildskapsvurderingar
16. Godtgjering av styreverv
17. Registrering av styreverv
18. Arbeidsgjevartilh rsle i sj lvstendige rettssubjekt
19. Utarbeiding av etiske retningsliner
20. S rleg om r dmannen si rolle i kommunale f retak
21. Ut ving av tilsyn og kontroll

Henta i fr  https://www.ks.no/contentassets/fb95418a8bab40d69235844e212abb6f/ks-anbefalinger-eierstyring_digital.pdf